

## Breibandutbygging - nasjonal tilskotsordning 2018 - prioriteringar i Hordaland

Samferdselsdepartementet har i statsbudsjettet for 2018 løyvd 149,7 mill. kroner til utbygging av breiband i område som ikkje er kommersielt lønsame å byggje ut. Den økonomiske ramma til Hordaland er 8.325.675 kroner, og Hordaland fylkeskommune prioriterer fylgjande områder i innstillinga til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom)

1. Kvinnherad kommune: Strekninga Matre ferjekai-Åkra og Snilstveitøy-Skorpo – 3.800.000 kr
2. Os kommune: Sørstrøno – 400.000 kr
3. Meland kommune: Landsvik-Skjelanger, Ådland, Io, Håtuft-Espetveit, Fosse, Eikeland, Erstad-Meland-Bjørnestad og Dalstø. – 4.125.675 kr. Vi gjer merksam på at tilskotet er mindre enn søknadssummen, og det vil vere usikkert om alle områda kan byggjast ut i denne omgang.

Dersom det vert aktuelt med ny tildelingsrunde av unytta midlar hausten 2018, ynskjer Hordaland fylkeskommune å prioritera følgjande områder:

1. Jondal kommune: Torsnes og strekninga Myra-Hessvik – 1.000.000 kr
2. Samnanger kommune: Hisdal-Trengereidfjorden – 900.000 kr
3. Lindås kommune: Tilleggsfinansiering av prosjektet «Breiband i Lindås 2016» – 7.500.000 kr

Offentleg støtte under denne ordninga skjer i tråd med ESA sitt generelle gruppeunntaket for offentlig støtte. Det betyr at før tilskot kan utbetalast må følgjande vilkår vera oppfylt:

- Det offentlege tilskotet skal gå til investeringskostnader for etablering av NGA-nett.
- Det ikkje fins NGA-nett - og at det heller ikkje er sannsynleg at NGA-nett vil bli etablert på kommersielle vilkår dei nærmaste 3 åra - i nokon av dei planlagde utbyggingsområda.
- Undersøking om eksisterande og planlagde NGA-nett har skjedd gjennom offentlege kunngjeringar med minst ein månads varsel
- Relevante utbyggjarar er kontakta for å avdekke eventuelle utbyggingsplanar.
- Alle prosjekt som er omfatta av denne innstillinga vil gje «breiast mulig grossisttilgang» i det statsstøtta nettet.
- All informasjon som er nødvendig for å dokumentere at krava er oppfylt må takast vare på i 10 år.
- Krav om teknologinøytralitet og open, transparent og ikkje-diskriminerande utveljingsprosess for utbyggjar.

Potensielle utbyggjarar og eigarar av eksisterande nett i dei aktuelle områda vil bli kontakta av Hordaland fylkeskommune, eller dei aktuelle kommunane, for å få dokumentasjon på at det verken er eller vil bli bygd ut nett i dei aktuelle områda i de næraste tre åra. Frist for innspel er ein måned etter denne kunngjeringa.

Meir informasjon om ordninga finn ein på Nkom sine nettsider:

<https://www.nkom.no/teknisk/bredb%C3%A5nd/utbygging/nye-retningslinjer-for-breibandst%C3%B8tte-fr%C3%A5-og-med-2018>

Kontaktperson Hordaland fylkeskommune: Hans Inge Gloppen, tlf 97 41 40 40, e-post

[hans.inge.gloppen@hfk.no](mailto:hans.inge.gloppen@hfk.no)